

Utvikling treng lim

Skal ein lukkast med lokal næringsutvikling over tid så treng ein eit solid lim som kan feste alle dei lause brikkene. Annette Sæther er eit slikt fagleg lim.

Av Alf-Einar Kvalavåg

Du har kanskje sett henne før. Ofte like ved ein ordførar eller rådmann som legg fram spennande planar for næringsområder, eller noko anna som skal skape vekst i kommunen. Som tilsett i Haugaland Vekst er Sæther Tysvær sin næringssjef, ein jobb ho stortrivast i.

– Ja, det må eg få lov å seie. Det er utrødig mykje som skjer i vår region og i Tysvær isolert. Gjennom jobben min her skal eg være ein ressurs som kommunen skal kunne nytte. Og det er Tysvær og ordførar Sigmund Lier flinke til. Her på huset har me mykje kompetanse som kommunane skal kunne nytte seg av. Ti kommunar eig Haugaland Vekst, og det er litt ulikt kor mykje dei bruker oss, men Tysvær er blant dei aller flinkaste, seier Sæther.

Saman

Det er liten tvil om at det er eit press på næringsutvikling i Noreg. Eit press som kjem både utanfrå,

«Det er utrødig mykje som skjer i vår region og i Tysvær isolert»

Annette Sæther

men også av og til frå lokale interesser.

– På den eine sida skal me kjempe for vår region i store saker som flyplassen og diverse interkommunale prosjekt som næringsparkar, nytt fengsel og motorsenter. Vikingland og energiprosjektet i Tysvær er også slike saker. Men så er det meir lokale utviklingsmuligheter kor me kan leve med den erfaring og kunnskap som me har. For mange kommunar og aktørar er det kunnskap dei ofte ikkje har. Saman kan me då utfylle kvarandre og lukkast. Me har klart mykje, men det er også mykje som ligg framfor oss.

– Med ein slik ressurs er det ikkje naturleg at alle står og bankar på døra til Haugaland Vekst?

– Eg meiner at det burde vere slik, men me ser at både kommunar og ein del aktørar ikkje vil, eller veit, at dei kan bruke oss. Eg seier ikkje at me er svaret på å lukkast, men saman kan me gjere kvarandre gode. Eg trur dei kommunane og prosjekta som går breiast ut med å gjere dei rette analysane, forprosjekta og det gode planarbeidet, er dei som



Annette Sæther har nok å fylle arbeidsdagen med som næringslivskontakt frå Haugaland Vekst inn mot Tysvær kommune.

Foto: Alf-Einar Kvalavåg

vil lukkast mest. Me ser suksessen med Aksdal Næringspark, som eit godt eksempel. Og det som er flott med slike prosjekt er at folk ser at det er noko som skjer?

– Er du involvert i utviklinga av Aksdal sentrum?

– Nei.

– Må skje noko

Annette Sæther er svært klar på ein ting når det gjeld ein del av dei større regionale prosjekta.

– Det må skje noko, og det må skje nå. Me ser kampen om fengsel, flyplassen, Vikingland i Sveio og Energiprosjektet i Tysvær, alle er i ei eller anna form for konkurrans med aktørar utanfrå. Får me det ikkje til her står andre i kø. Det er ein av grunnane til at Sigmund Lier nå kjører på og får på plass eit skikkeleg grunnlag for fleire av sine prosjekt. Eg må sei at eg er litt imponert over «gutsen» i frå Sigmund Lier og Tysvær.

– Du var med på møtet med italienarane som vil gjøre noko på Borgøy. Kva tenkjer du om slike prosjekt?

– Der var eg så heldig at eg fekk møte dei på eit svært tidleg tidspunkt. Då fekk eg nytte av min kompetanse innanfor reiseliv, som eg har jobba med i mange år. Eg trur på slike prosjekt, men då er det svært viktig at ein jobbar saman og ser på mulegheiter, og ikkje leitar etter problem. Det å kunne jobbe saman om slike prosjekt trur eg kan gjøre alle gode. Både når ein lukkast, og når ein ikkje heilt får ting til. Læring gjer

oss betre, seier Sæther.

Rett nivå

Ein annan nøkkelfaktor for å lukkast er å planlegge på rett nivå.

– Det me stadig ser er at om ein løftar eit prosjekt opp til rett nivå, til dømes regionsnivå, så er sjansen for å lukkast mykje større enn om ein driv i det små. Turistnæring er ikkje noko ein kan planlegge isolert. Det må bli ei satser i heile regionen. Det same gjeld innan energi, arealutvikling og infrastruktur. Å tru at alt berre handlar om ei bygd eller ein bit av kommunen er feil, og det merkar me at stadig fleire lokalpolitikarar forstår. Difor har Haugalandet dei siste åra fått fleire spennande regionale prosjekt på beina. Nokre er ferdige andre under planlegging. Ingen tvil om at det er vegen å gå, seier Annette Sæther.

– Kven har nøkkelrolla her. Politikarane eller administrasjonane i kommunen?

– Politikarane legg ofte inn bestillingar, eller har planar, som administrasjonane tar med seg vidare. Så også her er det eit samspel. I tillegg møtest ofte politikarar og rådmenn frå fleire kommunar kvarandre og kan utveksle idear. Ting tar tid, men det er aldri bortkasta tid å sette seg ned og lufte gode idear. Det er me blitt flinkare til, og det ønskjer me i Haugaland Vekst å vere ein pådrivarar på.

Solid

– Til slutt. Kva tankar har du om

Tysvær som næringsskommune i åra som kjem?

– Det er lett å vere positiv til Tysvær. Dei ligg ideelt plassert og har både areal og planar som er realistiske å utvikle vidare. Men

både eg og dei som styrer i kommunen veit at det er ein kamp, og det er ein kamp me er villige til å ta. Tysvær er ein optimistisk kommune, som eg har stor tru på, avsluttar Annette Sæther.



Ta vare på firmabilane dokkas!



Antirustbehandling av personbilar, bobilar, lastebil og buss

Medlem av:
Norsk Antirustforening
– Helsegjordende hjelpe av teknologi til verktøy og verksted



Steinsland Næringspark
5585 Ølen
tlf. 99 55 77 99 - post@suldal-billakking.no